

Vass- og kloakkledningar o.l. samt rennerav alle slag ved riksveg

(jfr. § 32 og § 57 i veglova)

Dagbok nr. 3979 22. SEP. 1966
Romsdal sakskriverembete.

FRÅSEGN

Underskrivne Ole Nerland søker med dette om
løyve til å legge vassleidning/kloakkleidning/stikkrenne¹⁾ under/langsveg Nerland ved (min) eigeendom(en)¹⁾g.nr. 55 br.nr. 32 i Nesbet herad.

Eg vedtek som bindande for meg sjølv og seinare eigarar og brukarar av eigedommen dei vilkår som er nemnde nedanfor:

1. Arbeidet må utførast etter tilvising av vegstellet og slik at trafikken ikkje blir stoppa eller unødig hindra. Eigaren og/eller brukaren skal syta for at arbeidsstaden blir forsvarleg avsperra og utstyrd med lyfter, varselskilt m. v. etter dei føresegner som er fastsett av vegstellet.
2. Når arbeidet er utført, skal vegen setjast i forsvarleg stand etter tilvising av vegstellet. Dersom det viser seg manglar ved istandsettinga av vegbanen, grøfter, skråningar etc., kan vegstellet — etter at varsel er gitt — gjere i stand manglane for eigaren/brukaren si rekning.
3. Mogeleg ulempe for leidningane når vegstellet driv vedlikehalds-, reparasjons- og utbedringsarbeid vedkjem ikkje vegstellet.
4. All skade som leidningane og rennene valdar på vegområdet eller tredjemann svarar eigaren og/eller brukaren for. Søkjaren har sjølv plikt til å venda seg til telegrafstyraren på staden, elektrisitetsverk, vassverk m. v. for påvising av mogelege kablar som kan bli skadde ved gravinga, då vegstellet fråskriv seg alt ansvar for slik skade.
5. Eigaren og/eller brukaren er forplikta til på eigen kostnad å gjere dei endringar med leidningsanlegget — eventuelt fjerna det — som vegstellet seinare måtte finna nødvendig, da løyvet frå vegstellet berre er gitt mellombels.
6. Denne fråsegna skal tinglysast på eigaren/brukaren¹⁾ sin kostnad som hefte på eigedommen.
7. Arbeidet må ikkje setjast i gang før tinglyst fråsegn som nemnt i pkt. 6 ligge føre, med mindre vegsjefen har gitt lov til å setja arbeidet i gang tidlegare. Heller ikkje kan arbeidet setjast i gang før vegoppsynsmannen eller politiet er varsla og har syft for å kontrollera at arbeidsstaden er avsperra og varsla som bestemt i pkt. 1.

8.²⁾
.....
.....Eidsvåg i R den 10-9-1966
Ole NerlandUnderskrivne eigar av ovannemnde eigeendom samtykkjer i at fråsegna vert tinglyst som hefte på eigedommen.³⁾

..... den

1) Stryk det som ikkje høver.

2) Rom for fleire vilkår.

3) Har brukaren ikkje særleg heimel til eigedommen, lyt han få samlykke frå eigaren.

M.&R. VEGKONTOR

04011 12.9.66

Lj
774.2

Lorden

Sendes vegsjefen i Møre og Romsdal
idet ein viser til det som står på føregående side.

Eidsvåg i R. den 10-9-1966
Ole Nerland
(Namnet til søkjaren)

J-nr. 4011/66 Arkiv nr. 774.2

Herr Ole Nerland

Eidsvåg i R.

Efter Dykkar søknad av 6/9.66 gir ein hermed løyve til å legge

vannledning

under/langs med veg

Løyvet gir ein på dei vilkår som er nemnde framanfor. Ein ber om at fråsegna vert datert, underteikna og sendt attende til vegsjefen, som for Dykkar rekning vil syta for å få fråsegna tinglyst.

Vegsjefen i Møre og Romsdal

Molde den 19. september 1966

for vegsjefen

Sendes sorenskrivaren i Romsdal, Molde til tinglysing.

Vegsjefen i Møre og Romsdal

Molde den 19. september 1966

for vegsjefen

Sendes oppsynsmann Lyster
idet ein ber om at De ser etter at vilkåra blir etterfylgde. Ein gjer spesielt merksam på at arbeidsstaden må kontrollerast som nemnt før arbeidet blir tillatt sett i gang.

Sendes søkjaren Ole Nerland, Eidsvåg i R.
idet arbeidet må utførast i samsvar med vilkåra framanfor.